

# VERDIPLAKAT BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

---

## Visjon Bjørgvin bispedøme

Saman vil vi ære Den treeinige Gud - ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.

## Oppdrag

Bispedømekontoret er administrasjon for biskop og bispedømerådet.

Bispedømerådet skal ha si merksemd vendt mot alt som kan gjerast for å vekkle og nære det kristelege livet i kyrkjelydane, og det skal fremje samarbeidet mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet.

Bispedømerådet utfører dei gjemål som det til ei kvar tid er pålagt av Kyrkjemøtet eller Kyrkjerådet. Bispedømerådet kan også utføre oppgåver som etter avtale blir overlate til det av det enkelte soknerådet eller kyrkelege fellesrådet. Administrasjonen har ansvar for saksførebuing og iverksetting vedtak gjort av bispedømerådet.

Bjørgvin biskop har tilsyn med kyrkjelydane og er pålagt gjemål som følger av tenesteordning for biskop, som visitasar, vigslinger, ulike godkjenningsordningar og alt som følgjer av arbeidsgjevaransvaret for prestane. Administrasjonen sampelar tett med biskop og prostane i desse gjemåla.

## Verdiar

Bjørgvin bispedømekontor ønskjer å særleg fokusere på tre verdiar. Vi ønsker som administrasjon å være:

- I dialog
- Støttande
- Modig

Både internt og i møte med andre vil vi søkje å ha god dialog. Det betyr både å vere open og lyttande, gje god informasjon og vere tydeleg frå eige ståstad. Vi vil leite etter dei gode løysingane saman med kyrkjelydane. Vår rolle er å ivareta heilskapen og handle innan dei ordningane som gjeld.

Bispedømet skal vere med å byggje kyrkjelydane. Ved å vere ein god arbeidsgjevar, ved å inspirere, løfte fram og støtte gode idear og tiltak, arrangere eller støtte ulike kompetansetiltak, fremje informasjonsdeling og ved å ta tak i utfordingar som dei einskilde kyrkjelydane ikkje kan klare åleine.

I ei tid med mange endringar vil Bjørgvin bispedømekontor søkje å vere trygg og modig. Ved å løfte fram eigen kompetanse, løfte fram andre sin kompetanse, og vere open for samspel om oppgåver eller prosjekt som ingen direkte har ansvar for.